



Vekselbanken

Ein god medspelar



DELÅRSRAPPORT 2. kvartal 2026

Voss, 11. august 2026
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 2. KVARTAL 2026

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS. Tala i resultatomtalen er konserntal der anna ikkje er oppgjeve. Balansetal, utlånsfordeling, innskotsdekning og soliditet vert kommentert for morbank der dette samsvarar med note- og nøkkeltalgrunnlaget.

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 2. kvartal på 51,8 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 9,2 mill. kr i høve til same periode i 2025. Resultat av ordinær drift før skatt er 53,5 mill. kr mot 61,9 mill. kr i 2025. Resultat etter skatt er 40,1 mill. kr mot 46,4 mill. kr i 2025.

Totalresultat pr. utgangen av 2. kvartal 2026 er 38,3 mill. kr mot 52,8 mill. kr for same periode i fjor.

Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 9,67 % pr. utgangen av 2. kvartal i år mot 12,10 % for tilsvarande periode i fjor. Banken opplever eit press på rentenetto, og dette vert delvis oppvegd av solid utlånsvekst. Banken og Aktiv Voss gjorde ei investering i nye medarbeidarar på kundesida i 2025, og dette får full kostnadseffekt i 2026 medan inntektene kjem litt forseinka. Dette er i tråd med dei planane banken har lagd for vidare vekst i åra frametter. Det er venta at resultatet styrkar seg vidare utover året, og renteauken som kom i mai gjev full effekt frå 16. juli.

RENTENETTO

Akkumulert pr. 2. kvartal er renteelementet (7,8 mill. kr) i likviditetsfond for 2. kvartal 2026 omklassifisert frå «Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument» til «Renteinntekter». Det er ikkje gjort endringar i samanliknbare tal frå 2. kvartal 2025.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 2. kvartal er bokført til 72,3 mill. kr. og utan omklassifiseringa 64,5 mill. kr. Det er ein auke på 4,6 mill. kr frå same periode i 2025, men ein reduksjon på 3,2 mill. kr. utan omklassifiseringa.

Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 2. kvartal 2,07 % (2,08 %).

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 2. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 21,1 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 10,2 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Jamfør kommentar over som skildrar omklassifisering av renteelementet i likviditetsfonda. Netto provisjonsinntekter aukar med 0,7 mill. kr i høve til 2025. Utbytte er 0,3 mill. kr. under fjoråret. Andre inntekter aukar med 0,7 mill. kr.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 2. kvartal bokført til 41,7 mill. kr mot 38,1 mill. kr i fjor. Løn og andre personalkostnader har auka med 1,9 mill. kr i høve til 2025, medan andre driftskostnader aukar med 1,4 mill. kr. Avskrivningane aukar med 0,3 mill. kr.

Banken har styrka bemanninga med fire nye tilsette i kundeposisjon i 2025, og ein ny tilsett i kontrollfunksjonar. Dette for å kunne ta vidare vekst frametter. Vidare har Aktiv Voss AS styrka bemanninga med to nye tilsette innan eigedomsmekling. Konsernet får full kostnadseffekt av dette i 2026 medan inntektene kjem i etterkant.

TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

Ved utgangen av 2. kvartal har banken netto tilbakeført tap og nedskrivingar på utlån med 1,7 mill. kr mot ei tilbakeføring på 0,9 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon av kredittforringa engasjement, nedskrivingar og resultatførte tap, sjå note 3 og note 5.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevis nedskrivingane knytt til auka usikkerheit med vedvarande inflasjons over målet til Noregs Bank, og auka makroøkonomisk usikkerheit på 8,2 mill. kr. i 2. kvartal 2026.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 2. kvartal er 8.383 mill. kr. Dette er ein auke på 786,0 mill. kr (+10,35 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 7.136 mill. kr. ved utgangen av 2. kvartal.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 2. kvartal på 5.153 mill. kr. Dette er ein auke på 290,9 mill. kr (+5,98 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 2. kvartal er 82,09 % mot 84,38 % på same tidspunkt i fjor.

Innskota isolert for 2. kvartal er auka med 193,2 mill. kr.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 2. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 879,2 mill. kr (+13,23 %). Utlånsauken til privatkundar er 785,0 mill. kr (+13,93 %), medan det er ein auke i utlån til næringskundar på 94,2 mill. kr (9,29 %). Brutto utlån inklusive lån overført til EBK er ved utgangen av 2. kvartal 7.526 mill. kr (6.647 i 2. kvartal 2025).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 6.280 mill. kr mot 5.763 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2025. Av samla utlån er 1.107 mill. kr (17,64 %) utlån til næringsverksemd og 5.172 mill. kr (82,36 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjør ved utgangen av 2. kvartal 1.246 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 19,42 % mot 15,69 % i 2025. Dette utgjør 16,56 % (13,30 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom høg innskotsdekning, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 2. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.007 mill. kr mot 935 mill. kr ved utgangen av 2. kvartal 2025. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 2. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 327 % og NSFR 137 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 27,63 % ved utgangen av 2. kvartal mot 27,42 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 853,7 mill. kr, mot 795,7 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 773,7 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 723,7 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 25,04 % (24,66 % i 2. kv. 2025) og ei rein kjernekapitaldekning på 23,42 % (22,94 % i 2. kv. 2025) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,4 % ved utgangen av 2. kvartal 2026 mot 10,2 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

Overskotet til no i år er ikkje teke med i berekningane av kapitaldekning.

Banken har fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet pr. 31. oktober 2025 på 1,80 %, og ein kapitalkravsmargin på 1,00 % frå same dato. Dette var i tråd med banken sine forventningar.

Banken rapporterer konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Bankens konsoliderte kapitaldekning er 25,15 % ved utgangen av 2. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 22,56 % og 20,90 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 8,96 %.

For detaljar sjå note 9.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2026

Styret meiner at banken med si solide basisdrift, god vekst og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Bankens har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst og vekst i andre inntekter. Med fleire tilsette og utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker dette banken sitt inntektsgrunnlag frametter.

Banken har i 2. kvartal inngått ein samarbeidsavtale med Aktiv Bergen kontora Aktiv Bergen Sentrum AS, Aktiv Bergen Vest AS, Aktiv Laguneparken AS og Aktiv Arna & Åsane AS, og har også gått inn på eigarsida i Aktiv Bergen Sentrum AS og Aktiv Arna & Åsane AS. Dette gjev banken tilgang til ein attraktiv marknad i Bergen, og gode moglegheiter for vidare vekst særleg i privatmarknaden.

Krigen i Midtausten, usikkerheita kring Hormuzstredet, vedvarande krig i Ukraina kombinert med høg inflasjon har ført til auka usikkerheit. I sum bremsar dette aktiviteten i mange bransjar og den økonomiske veksten. Bankens har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivingane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Bankens har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 2. kvartal 2026 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 11. august 2026

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar

 
Gunvill Medhus Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

RESULTAT - KONSERN

Resultat		2. kvartal isolert				Året
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	2026	2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Renteinntekter fra egenlutar vurdert til amortisert kost		94.135	89.179	179.843	176.071	354.444
Rentekostnader og liknande kostnader		53.886	54.575	107.518	108.367	216.581
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter - *		40.249	34.604	72.325	67.704	137.862
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		5.644	5.397	11.198	10.401	22.350
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1.029	806	1.883	1.758	3.383
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		3.721	4.009	3.858	4.115	5.401
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	7	-1.629	7.802	2.864	14.173	25.312
Andre driftsinntekter		2.936	2.341	5.088	4.406	9.996
Netto andre driftsinntekter		9.643	18.743	21.125	31.337	59.675
Løn og andre personalkostnader		8.148	8.078	19.944	18.024	40.920
Andre driftskostnader		10.442	9.930	20.572	19.217	38.198
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egenlutar		574	430	1.147	838	1.849
Sum driftskostnader		19.165	18.438	41.663	38.079	80.967
Resultat før tap		30.727	34.909	51.788	60.962	116.571
Kreditttap på utlån, unyttå kredittar og garantiar	5	-1.037	-384	-1.708	-940	649
Resultat før skatt		31.765	35.293	53.494	61.902	115.921
Skatteskodnad		7.919	8.818	13.360	15.466	26.613
Resultat av ordinær drift etter skatt		23.845	26.475	40.134	46.436	89.308
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi	7	-3.201	3.700	-2.126	6.290	16.777
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		-3.201	3.700	-2.126	6.290	16.777
Verdiendring utlån til virkelig verdi		279	0	372	49	144
Verdiendring rentebærende verdipapirer til virkelig verdi					0	0
Skatt		-77	0	-93	-12	-36
Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet		202	0	279	37	108
Totalresultat		20.846	30.175	38.287	52.763	106.193
Resultat per aksje		10,20	11,41	17,16	19,93	38,20
<i>Resultat etter skatt</i>						
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		22.475	25.144	37.819	43.930	84.190
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.084	1.114	2.142	2.231	4.450
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		287	217	173	274	668
<i>Totalresultat</i>						
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		19.475	22.090	35.972	50.257	101.074
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.084	1.140	2.142	2.231	4.450
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		287	244	173	274	668

* – utan omklassifisering av 7,8 mill. kr i renteinntekter likviditetsfond frå Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument til Renteinntekter er akkumulerte Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter pr. 2. kvartal 2026 64,5 mill. kr.

RESULTAT - MORBANK

Resultat		2. kvartal isolert				Året
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	2026	2025	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Renteinntekter fra egenlutar vurdert til amortisert kost		94.139	89.184	179.851	176.079	354.463
Rentekostnader og liknande kostnader		53.897	54.575	107.529	108.367	216.594
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		40.242	34.608	72.322	67.712	137.869
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		5.644	5.397	11.198	10.401	22.350
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		1.029	806	1.883	1.758	3.383
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		3.721	4.009	3.858	4.115	5.401
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	7	-1.629	7.802	2.864	14.173	25.312
Andre driftsinntekter		9	0	12	0	10
Netto andre driftsinntekter		6.717	16.403	16.048	26.931	49.689
Løn og andre personalkostnader		7.153	7.311	17.937	16.519	37.239
Andre driftskostnader		9.299	8.972	18.033	17.131	33.838
Avskrivningar og nedskrivningar på varige og immaterielle egenlutar		529	386	1.066	750	1.660
Sum driftskostnader		16.981	16.669	37.035	34.399	72.737
Resultat før tap		29.977	34.342	51.335	60.244	114.822
Kreditttap på utlån, unyttå kredittar og garantiar	5	-1.037	-384	-1.708	-940	649
Resultat før skatt		31.014	34.726	53.043	61.184	114.173
Skatteskodnad		7.754	8.693	13.261	15.308	26.228
Resultat av ordinær drift etter skatt		23.260	26.033	39.782	45.876	87.944
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi	7	-3.201	3.700	-2.126	6.290	16.777
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		-3.201	3.700	-2.126	6.290	16.777
Verdiendring utlån til virkelig verdi		279		372	49	144
Skatt		-77		-93	-12	-36
Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet		202	0	279	37	108
Totalresultat		20.261	29.733	37.934	52.203	104.829
Resultat per aksje		10,06	11,37	17,08	19,81	37,89

Balanse - Eigenlutar - Konsern				
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Kontantar og kontantekvivalentar		89.327	86.471	82.563
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		133.349	241.383	212.461
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	4, 5	4.627.630	4.272.372	4.534.140
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	4, 5	1.629.863	1.463.582	1.576.145
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	7	625.100	621.300	589.697
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollerte foretak		3.300	0	0
Varige driftsmidler		23.215	20.877	24.353
Andre eigenlutar		4.361	6.515	7.753
Sum eigenlutar		7.136.145	6.712.499	7.027.111
Balanse - Gjeld og eigenkapital - Konsern				
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Innskot frå kundar		5.153.283	4.862.376	5.049.265
Gjeld stifta ved utføring av verdipapir	8	1.006.540	934.929	1.005.793
Anna gjeld		38.840	23.823	18.211
Forpliktingar ved skatt		19.512	19.810	30.813
Andre avsetningar		694	412	690
Ansvarleg lånekapital	8	80.589	80.596	80.559
Sum gjeld		6.299.458	5.921.945	6.185.331
Innskoten eigenkapital	10	58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		686.751	634.895	732.148
Ikkje kontrollerte eigarinteresser		1.602	1.036	1.430
Fondsobligasjonskapital		50.185	50.173	50.188
Resultat i perioden etter skatt		40.134	46.436	0
Sum eigenkapital	9	836.686	790.554	841.780
Sum gjeld og eigenkapital		7.136.145	6.712.499	7.027.111
Balanse - Eigenlutar - Morbank				
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Kontantar og kontantekvivalentar		89.327	86.471	82.563
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		133.349	241.383	212.461
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	4, 5	4.627.630	4.272.372	4.534.140
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	4, 5	1.629.863	1.463.581	1.576.145
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	7	625.100	621.300	589.697
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollerte foretak	7	3.300	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap		153	153	153
Varige driftsmidler		22.410	19.930	23.476
Andre eigenlutar		1.822	4.597	5.713
Sum eigenlutar		7.132.954	6.709.787	7.024.348
Balanse - Gjeld og eigenkapital- Morbank				
<i>Tal i tusen kroner</i>	Note	30.06.2026	30.06.2025	31.12.2025
Innskot frå kundar		5.154.923	4.863.054	5.050.920
Gjeld stifta ved utføring av verdipapir	8	1.006.540	934.929	1.005.793
Anna gjeld		37.524	22.722	16.968
Forpliktingar ved skatt		19.252	19.490	30.411
Andre avsetningar		555	404	682
Ansvarleg lånekapital	8	80.589	80.596	80.559
Sum gjeld		6.299.384	5.921.194	6.185.333
Innskoten eigenkapital	10	58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		685.589	634.530	730.813
Fondsobligasjonskapital		50.185	50.173	50.188
Resultat i perioden etter skatt		39.782	45.876	0
Sum eigenkapital	9	833.570	788.593	839.015
Sum gjeld og eigenkapital		7.132.954	6.709.787	7.024.348

Voss, 11. august 2026

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar

 
Gunvill Medhus Hege Solbakken


S. Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital			Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjons-kapital	Ikkje-kontrollerende eigarinteresser	Fond for urealiserte vinstar	Annen opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2025	11.103	-84	46.995	50.188	1.430	41.351	690.797	841.780
Resultat etter skatt				2.142	173	-256	38.075	40.134
Ompostering til annan opptent egenkapital ved urealisert netto tap						-550	550	0
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader						-2.126		-2.126
Verdiendring utlån til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader						372		372
Skatt på verdiendring utlån						-93		-93
Totalresultat 30.06.2026	0	0	0	2.142	173	-2.653	38.625	38.287
Utbetalt utbytte							-41.320	-41.320
Skatt på verdiendring bankbygg							85	85
Utbetalte renter fondsobligasjon				-2.145				-2.145
Andre egenkapitaltransaksjoner								0
Eigenkapital 30.06.2026	11.103	-84	46.995	50.185	1.605	38.698	688.187	836.686
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	761	37.296	630.138	776.397
Resultat etter skatt				2.231	274	-256	44.187	46.436
Vinst sal eigenkapitalinstrument							3.126	3.126
Verdiendring på finansielle eigenlutar over andre inntekter og kostnader						-5.360	8.524	3.164
Verdiendring utlån til virkelig verdi						49		49
Skatt på verdiendring utlån						-12		-12
Totalresultat 30.06.2025	0	0	0	2.231	274	-5.579	55.837	52.763
Utbetalt utbytte							-36.361	-36.361
Utbetalte renter fondsobligasjon				-2.245				-2.245
Eigenkapital 30.06.2025	11.103	-84	46.995	50.173	1.035	31.717	649.614	790.554

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital			
Tal i tusen kroner	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjons- kapital	Fond for urealiserte vinstar	Annen opptent egenkapital	Sum egenkapital
Eigenkapital 31.12.2025	11.103	-84	46.995	50.188	41.351	689.462	839.015
Resultat etter skatt				2.142	-256	37.896	39.782
Ompostering til annan opptent egenkapital ved urealisert netto tap					-550	550	0
Verdiendring eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader					-2.126		-2.126
Verdiendring utlån til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader					372		372
Skatt på verdiendring utlån					-93		-93
Totalresultat 30.06.2026	0	0	0	2.142	-2.653	38.447	37.935
Utbetalt utbytte						-41.320	-41.320
Skatt på verdiendring bankbygg						85	85
Utbetalte renter fondsobligasjon				-2.145			-2.145
Eigenkapital 30.06.2026	11.103	-84	46.995	50.185	38.697	686.674	833.570
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	37.296	629.500	774.997
Resultat etter skatt				2.266	-256	43.866	45.876
Vinst sal eigenkapitalinstrument						3.126	3.126
Verdiendring på finansielle eigenlutar over andre inntekter og kostnader					-5.360	8.524	3.164
Verdiendring utlån til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader					49		49
Skatt på verdiendring utlån					-12		-12
Totalresultat 30.06.2025	0	0	0	2.266	-5.579	55.516	52.203
Utbetalt utbytte						-36.361	-36.361
Utbetalte renter fondsobligasjon				-2.245			-2.245
Eigenkapital 30.06.2025	11.103	-84	46.995	50.208	31.717	648.655	788.593

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Tal i tusen kroner	Morbank		Konsern	
	2. kvartal 2026	2. kvartal 2025	2. kvartal 2026	2. kvartal 2025
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar				
Netto utbetaling av lån til kundar	-144.391	-117.656	-144.391	-117.656
Renteinnbetalingar på utlån til kundar	166.424	170.955	166.424	170.955
Netto inn-/utbetaling av innskott frå kundar	59.225	145.789	59.225	145.789
Renteutbetalingar på innskott frå kundar	-4.893	-4.765	-4.893	-4.765
Netto inn-/utbetalingar av lån frå kredittinstitusjonar	4.709	5.152	4.709	5.152
Netto provisjonsinnbetalingar	9.315	8.643	9.315	8.643
Utbetalings til drift	-40.021	-40.736	-40.021	-40.736
Betalt skatt	-24.433	-24.358	-24.433	-24.358
A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	25.935	143.023	25.935	143.023
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar				
Netto investering i varige driftsmidlar		-2.031		-2.031
Netto investering i langsiktige verdipapir	-30.332	4.231	-30.332	4.231
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	3.858	4.115	3.858	4.115
B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet	-26.474	6.315	-26.474	6.315
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar				
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	100.000	250.000	100.000	250.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-100.000	-250.000	-100.000	-250.000
Renteutbetaling på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-25.817	-25.263	-25.817	-25.263
Innbetaling ved utferding av ansvarlege lån				
Utbetaling ved forfall ansvarlege lån				
Renteutbetaling på ansvarlege lån	-2.526	-2.689	-2.526	-2.689
Renteutbetaling på fondsobligasjon	-2.145	-2.245	-2.145	-2.245
Aksjeutbytte	-41.320	-36.361	-41.320	-36.361
C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet	-71.808	-66.558	-71.808	-66.558
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	-72.347	82.779	-72.347	82.780
Likviditetsbeholdning 1.1	295.024	245.074	295.024	245.074
Likviditetsbeholdning 30.06	222.676	327.854	222.676	327.854
Likviditetsbeholdning spesifisert:				
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	89.327	86.471	89.327	86.471
Fordringar på kredittinstitusjonar	133.349	241.383	133.349	241.383
Likviditetsbeholdning	222.676	327.854	222.676	327.854

NOTE 1 - Generell informasjon

Banken konsoliderer inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

Krigen i Midtausten og den uavklarte situasjonen i Hormuzstredet fører til ny usikkerheit, og inflasjonen er framleis over Noregs Bank sitt mål. Dette fører til auka usikkerheit i økonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt.

Banken med si fordeling 82 % PM og 18 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2026 - 30.06.2026. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS 34 delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC- fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2025.

Viktige rekneskapsestimat og skjønsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I

årsrekneskapen for 2025 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Estimat og skjønsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Nedskrivingar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal.

Nedskrivingar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivingar (IFRS 9-nedskrivingar) på utlån og garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2025 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore naudsynt å nytta meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kredittportefølja, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjane er innafor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar.

Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane.

Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,6 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret.

Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,9 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret.

Fordeling på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - Kredittforringa engasjement

Misleghald over 90 dagar	2. kvartal 2026	2. kvartal 2025	Året 2025
Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden	5.686	820	5.077
Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden	7.112	0	7.296
Nedskrivningar i steg 3	-1.282	-466	-1.611
Netto misleghelde engasjement	11.516	354	10.761
Andre kredittforringa	2. kvartal 2026	2. kvartal 2025	Året 2025
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	14.154	27.697	32.272
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	27.234	26.323	25.778
Nedskrivningar i steg 3	-9.757	-14.307	-11.857
Netto andre kredittforringa engasjement	31.631	39.713	46.194

NOTE 4 - Fordeling utlån kunders

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næring	2. kvartal 2026	2. kvartal 2025	Året 2025
Primærnæringer	51.299	48.258	55.366
Industri og bergverk	33.344	37.087	34.582
Kraftforsyning	2.631	3.381	3.016
Bygg og anleggsverksemd	185.867	66.369	120.824
Varehandel	70.393	83.695	55.212
Transport	17.698	19.026	14.903
Overnattings- og serveringsverksemd	34.773	44.218	41.387
Informasjon og kommunikasjon	0	1	2
Omsetning og drift av fast eigedom	558.232	518.503	531.747
Tenesteytande verksemd	153.215	192.739	189.687
Sum næring	1.107.452	1.013.276	1.046.726
Personkunder	5.172.331	4.749.693	5.090.075
Brutto utlån	6.279.783	5.762.969	6.136.801
Steg 1 nedskrivningar	-4.833	-4.470	-5.057
Steg 2 nedskrivningar	-6.693	-7.778	-7.991
Steg 3 nedskrivningar	-10.764	-14.768	-13.468
Netto utlån til kunder	6.257.492	5.735.953	6.110.285
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	1.246.498	884.155	1.015.727
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	7.503.991	6.620.108	7.126.012

NOTE 5 - Nedskrivningar og tap - morbank

Banken sine utlån til kunder, unytta kredittar og garantiar er gruppert i tre steg, fordeling mellom steg vert føreteke for det einskilde lån eller engasjement. Tabellane under spesifiserer endringane i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseført utlån, garantiar og unytta trekkrettigheter for kvart steg, og inkluderer fylgjande element:

- Overføring mellom steg som skuldast endring i kredittrisiko, frå 12 månader venta kredittap i steg 1 til kredittap over venta levetid i steg 2 og steg 3.
- Auke i nedskrivningar ved utferding av nye utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Reduksjon i nedskrivningar ved frårekning av utlån, unytta kredittar og garantiar.
- Auke eller reduksjon i nedskrivningar som skuldast endringer i inputvariablar, berekningsforutsetningar, makroøkonomiske føresetnader og effekten av diskonteringa.
- Netto endring viser endring i tap eller engasjement som fylge av innbetalingar/auke av saldo der lån ikkje har skifta steg.
- Konstaterte tap

30.06.2026	Steg 1	Steg 2	Steg 3	
Nedskrivninger på utlån til kunder - personmarknaden	12 mnd. tap	Livstid tap	Livstid tap	Totalt
Nedskrivninger pr. 01.01.2026	1.928	3.210	4.281	9.419
Overføringer mellom steg:				
Overføringer til steg 1	360	-276	-84	0
Overføringer til steg 2	-57	208	-152	0
Overføringer til steg 3	0	-9	9	0
Netto endring	-500	-194	-509	-1.202
Endringer som følge av nye eller auka utlån	166	45	0	210
